



Voss og omland LOP

Lokallag for: Aurland, Ulvik, Vaksdal og Voss



Medlemmene i Voss og omland LOP

Bli med på fantastisk overnattingstur Balestrand og Kvikne Hotell 8. – 9. juni 2023

LOP avdeling Voss saman med EinAst Reiser AS inviterar til overnattingstur til Kvikne Hotell i Balestrand torsdag 8. – fredag 9. juni 2023.



Turen startar frå parkeringsplassen ved Park torsdag 8. juni kl. 09.00 med buss til Vik. Der går me om bord i hurtigbåten som tek oss over fjorden til vakre Balestrand. Frå hurtigbåtkaien i Balestrand går me opp til Kviknes Hotell, der me etter innsjekk får god lunsj før det vert tid til litt avslapping. Før middagen på hotellet får vi ei kunstvandring på hotellet.

Fredag morgon tek me ein lang og god frukost, og sjekkar ut av romma våre. På føremiddagen vert det kulturvandring der me mellom anna ser på St. Olav's Church, vikingegravene på Balahaugen og ser på nokre av



kunstnarvillaene i drakestil. Deretter går me til Ciderhuset for omvisning og smaksprøver.



Lunsj på Ciderhuset får vi etter kvart. Gode og mette av både vått og tørt hentar me bagasjen vår på hotellet og ruslar ned til hurtigbåtkaien for retur med båt til Vik kl. 16.50, der bussen kjem og hentar oss for turen over Vikafjellet til Voss.

Pris for heile turen inklusiv overnatting, 2 lunsjar, middag, omvisingar, buss og båt vert kr. 4.000,- pr. person i standard dobbeltrom. Ynskjer ein enkeltrom kostar det kr. 375 i tillegg. Oppgradering (etter ledige rom) til utsiktsrom i moderne bygg kr. 250 pr. person, utsiktsrom i historisk bygg kr. 350 pr. person og demi-suite med utsikt i historisk bygg kr. 650 pr. person. Gje melding om dette i påmeldinga så prøvar me å ordna ynskja dine.

For at turen skal verta noko av, treng vi minimum 20 personar påmelde, medan me maksimalt kan vera 40 personar. Eventuell alkohol til maten betaler ein sjølve.

Påmelding innan søndag 30. april (men gjerne så raskt som råd) på mail til enar@eareiser.no eller på telefon/SMS til 913 28 768. Sjå avbestillingsreglar i vedlegg.

Har du eventuelle allergiar me må ta omsyn til ved måltida, gje melding om dette ved påmeldinga. Faktura for turen vert sendt ut i ettertid.

Beste helsing

Voss og omland LOP

EinAst Reiser AS

Astrid Holtekjølen

Einar Larsen

Sjå gjerne link til staden vi skal vitja:

[Kviknes Hotel - Balestrand, Sognefjorden](#)

[CIDERHUSET](#)